



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 22 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2021 under Kunnskapsdepartementet

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 26. november 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Kunnskapsdepartementet fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2021.

2 Forslag til endringar i statsbudsjettet 2021

Kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag

Post 21 Særskilde driftsutgifter

ADMOD-prosjektet i Statistisk sentralbyrå (SSB) framskriv langsiktige behov for og tilgang på kompetanse i Noreg. Prosjektet går i første omgang vidare over fire år (2021–24) og er knytt til arbeidet i Kompetansebehovsutvalget (KBU). Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse (HK-dir) er oppdragsgivar for ADMOD. Kunnskapsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet finansierer prosjektet. Som følge av dette foreslår regjeringa å rammeoverføre 300 000 kroner frå kap. 900, post 21 til kap. 201, post 21 Analyse og kunnskapsgrunnlag.

Kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 4,3 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 3222, post 02, jf. omtale under den posten.

Kap. 3222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

Post 02 Salsinntekter o.a.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 4,3 mill. kroner som følge av at dei statlege vidaregåande skulane i Karasjok og Kautokeino og Sør-samisk kunnskapspark har hatt høgare inntekter frå sal av undervisningstenester til kommunane enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2021.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

Post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 7,7 mill. kroner på grunnlag av oppdaterte anslag for utgiftsbehovet frå statsforvaltarane.

Post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,9 mill. kroner som følge av at færre elevar utløyser tilskot enn lagt til grunn i gjeldande budsjett.

Post 65 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 29,8 mill. kroner som følge av at rentesatsane i ordninga blei lågare enn renteføresetnaden i revidert budsjett for 2021.

Post 67 Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,7 mill. kroner som følge av oppdaterte anslag for utgiftsbehovet frå statsforvaltaren i Troms og Finnmark.

Post 69 Tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring

I Prop. 1 S (2020–2021) for Kunnskapsdepartementet står det at det innanfor løyvinga vil kunne bli gitt tilskot til friskular. Gjennom ei mellombels forskrift er det lagt til rette for at friskular, uavhengig av fastsett elevtal, kan ta inn ulike grupper av elevar utan rett til vidaregåande opplæring hausten 2021. Elevteljinga per 1. oktober for frittstående vidaregåande skular viser at 23 elevar har fått opplæring som følge av dette. Gjeldande tilskotssatsar for frittstående vidaregåande skular gir eit tilskot på totalt 1,7 mill. kroner for desse elevane. Departementet foreslår å løyve tilskotsmidlane over postar under kap. 228. Som følge av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 1,7 mill. kroner mot ein tilsvarande samla auke under kap. 228, post 71 og 75.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2,2 mill. kroner som følge av lågare løyvinga behov til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg, jf. kap. 225, post 64 og endringar i føresetnadene for delen av elevane som utløyser ODA-refusjon.

Kap. 228 Tilskot til frittstående skular o.a.

Post 70 Frittstående grunnskular, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 167 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2021.

Post 71 Frittstående vidaregåande skular, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 118,9 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2021.

Ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2021 blei det løyvd 1 mill. kroner på posten til eitårig tilskot til Maritim vidaregåande skole Sørlandet. Tilskotet blir foreslått flytta til kap. 228, post 76.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,5 mill. kroner som følge av at skulane har teke inn elevar utan rett til opplæringa, mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 225, post 69.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 119,3 mill. kroner.

Post 72 Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 8,7 mill. kroner som følge av lågare elevtal enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2021.

Post 73 Frittstående grunnskular i utlandet, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 15,8 mill. kroner som følge av lågare elevtal enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2021.

Post 74 Frittstående vidaregåande skular i utlandet, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 7 mill. kroner som følge av lågare elevtal og utgifter til spesialundervisning enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2021.

Post 75 Frittstående skular for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 36,1 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2021.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 251 000 kroner som følge av at skulane har teke inn elevar utan rett til opplæringa, mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 225, post 69.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 36,3 mill. kroner.

Post 76 Andre frittstående skular, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,9 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2021.

Ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2021 blei det løyvd 1 mill. kroner på kap. 228, post 71 til eit eittårig tilskot til Maritim videregående skole Sørlandet. Tilskotet blir foreslått flytta til posten.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 2,9 mill. kroner.

Post 77 Den tysk-norske skolen i Oslo, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,8 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2021.

Post 78 Kompletterande undervisning

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner som følge av at det i år blir utbetalt tilskot for færre elevar enn elevtaket for ordninga.

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,7 mill. kroner som følge av at berre to elevar blei sendt på utveksling frå skulane som inngår i ordninga.

Kap. 240 Fagskular

Post 61 Utviklingsmidlar til fagskular, kan overførast

Tilskotsmidlane som er løyvde på posten blir utbetalte i takt med framdrift og gjennomføring i ulike prosjekt. For at prosjekt som har fått tilsegn om tilskot i 2021, men der utbetalinga kjem etter årsskiftet, ikkje stoppar opp grunna manglande tilgjengelege midlar på posten, foreslår departementet at kap. 240, post 61 får stikkordsfullmakta «kan overførast» i 2021, jf. forslag til vedtak III.

Kap. 256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

Post 01 Driftsutgifter

Med omorganiseringa i kunnskapssektoren og etableringa av Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) og Direktoratet for høgare utdanning og forskning (HK-dir) er nokre tilsette, oppgåver og finansiering flytta frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) ved Norsk senter for forskingsdata (NSD) til HK-dir. Som følge av dette har NSD delt ut og utbetalt eit utbyte frå NSD til Kunnskapsdepartementet, som er inntektsført på kap. 5309, post 09 Ymse inntekter. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 256, post 01 med 3,4 mill. kroner slik at HK-dir kan disponere midlane.

Kap. 260 Universitet og høgskular

Post 50 Statlege universitet og høgskular

I 2021 tildelte Kunnskapsdepartementet 124 mill. kroner til statlege universitet og høgskular til ei mellombels ordning for å løne studentar for fagleg oppfølging av andre studentar, jf. Innst. 233 S (2020–2021) og Prop. 79 S (2020–2021). Departementet foreslår at midlar som er ubrukte og som institusjonane ikkje har inngått forpliktande avtalar for ved utgangen av 2021 som er øyremerkte dette tiltaket, går tilbake til statskassa. Per no veit ein institusjon beløpet dei ikkje vil bruke. Det utgjør 0,4 mill. kroner, og Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten tilsvarende. Dei andre institusjonane vil betale tilbake når dei veit kor mykje av midlane dei ikkje vil bruke.

Post 70 Private høgskular

Kunnskapsdepartementet tildelte 16 mill. kroner til private høgskular som ei mellombels ordning for å løne studentar for fagleg oppfølging av andre studentar, jf. Innst. 233 S (2020–2021) og Prop. 79 S (2020–2021). I tillegg tildelte departementet 20 mill. kroner til private høgskular til tiltak dei skulle setje i verk i 2021 for å sikre best mogleg studieprogresjon, jf. Innst. 600 S (2020–2021) og Prop. 195 S (2020–2021). Kunnskapsdepartementet foreslår at midlar som er ubrukte og som institusjonane ikkje har inngått forpliktande avtalar for ved utgangen av 2021 som er øyremerkte desse tiltaka, går tilbake til statskassa.

Kap. 270 Studentvelferd

Post 75 Tilskot til bygging av studentbustadar, kan overførast

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 90,8 mill. kroner. Mindrebehovet kjem i all hovudsak av lågare utbetalingar til nye byggeprosjekt enn det som opphaveleg var lagt til grunn. I tillegg har studentsamskipnadane trekt tilbake 1 073 tilsegner om tilskot som dei fekk i åra 2017–21 på grunn av at dei ikkje klarer å bygge med den kostnadsramma som gjaldt ved tildeling eller på grunn av kommunale reguleringsplanar. Endring i løyvinga inneber at det er behov for å redusere tilsegnfullmakta til 959 mill. kroner, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 272 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning

Post 50 Verksemdskostnader, kan overførast

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), betaler årleg Noregs godtgjeriing til dei andre nordiske landa for den nordiske avtalen om gjensidig tilgang til høgare utdanning. HK-dir har i 2021 fått tildelt 67,9 mill. kroner til formålet. På grunn av valutaendringar må beløpet justerast ned til 60,8 mill. kroner til føremålet. Då midlane for å betale kontingenten blei flytta frå post 50 til post 51 i 2021 blei nokre av midlane ved ein feil liggande på post 50. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere kap. 272, post 50 med 1,7 mill. kroner og å redusere kap. 272, post 51 med 5,4 mill. kroner. Sjå òg kap. 272, post 51.

Etableringa av HK-dir 1. juli 2021 inneber at verksemdar som tidlegare har hatt unntak frå bruttoprinsippet, no er ein del av ei ny verksemd som følger normalmodellen for statlege verksemdar. I 2021 har direktoratet vore i ein omstillingsprosess og noko aktivitet og nokre investeringar er utsette som følge av pandemien. Prognosar tilseier at ubrukt løyving ved utgangen 2021 vil vere noko høgare enn 5 pst., men at det vil vere rimeleg i overgangen frå 2021 til 2022 at ubrukt løyving vil vere tilgjengeleg i det samla driftsbudsjettet for det nye direktoratet frå 2022. Samla overføring skal likevel ikkje overstige 5 pst. av samla løyving for kap. 256, post 01 og kap. 272, post 50. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor at kap. 272, post 50 får stikkordsfullmakta «kan overførast» i 2021.

Post 51 Tiltak for internasjonalisering, kan overførast

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere kap. 272, post 51 med 5,4 mill. kroner. Sjå kap. 272, post 50. Vidare blir det vist til omtale under post 50 om etableringa av det nye direktoratet og endring i fullmakt om nettobudsjettering samanlikna med det som har vore tilfelle for Diku fram til no. Midlane på post 51 er tilskotsmidlar der utbetalingstakta kan vere usikker knytt til framdrift og gjennomføring i ulike prosjekt. For å sikre at prosjekt som har fått tilsegn om løyving i 2021, men der sjølve utbetalinga ser ut til å kome etter årsskiftet, ikkje stoppar opp grunna manglande tilgjengelege midlar på posten, foreslår Kunnskapsdepartementet at kap. 272, post 51 får stikkordsfullmakta «kan overførast» i 2021.

Post 52 Tiltak for høgare utdanning, kan overførast

Det blir vist til omtale under kap. 272, post 50 og post 51 om etableringa av det nye direktoratet og endring i fullmakt om nettobudsjettering samanlikna med det som har vore tilfelle for Diku fram til no. Midlane på post 52 er tilskotsmidlar der utbetalingstakta kan vere usikker knytt til framdrift og gjennomføring i ulike prosjekt. For å sikre at prosjekt som har fått tilsagn om løyving i 2021, men der sjølve utbetalinga ser ut til å kome etter årsskiftet, ikkje stoppar opp grunna manglande tilgjengelege midlar på posten, foreslår Kunnskapsdepartementet at kap. 272, post 52 får stikkordsfullmakta «kan overførast» i 2021, jf. forslag til vedtak IV.

Kap. 273 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning

Post 50 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning

Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning (Unit) betaler årleg Noregs kontingent til NORDUNet AS. NORDUNet AS organiserer samarbeidet mellom dei nordiske forskingsnetta. Kunnskapsdepartementet har tildelt Unit 40,2 mill. kroner til kontingenten på posten i 2021. Unit betaler kontingenten kvartalsvis, og utbetalinga for fjerde kvartal i 2021 står att. På grunn av valutaendringar må beløpet justerast. Unit har betalt om lag 30,4 mill. kroner hittil for kontingenten i 2021, og det står att å betale om lag 8,8 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere kap. 273, post 50 med 1,1 mill. kroner.

Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Kunnskapsdepartementet tildelte 10 mill. kroner i 2021 til studentsamskipnadene for å raskt iverksetje sosiale lågterskeltilbod for studentar, jf. Innst. 12 S (2020–2021) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021). Samskipnadene har anslått at det ikkje vil vere ubrukte midlar av denne tildelinga.

Post 70 Tilskot, kan nyttast under post 70

Kunnskapsdepartementet tildelte til saman 118,5 mill. kroner i 2021 til studentsamskipnadene til sosiale tiltak for studentar, jf. Innst. 233 S (2020–2021) og Prop. 79 S (2020–2021), og Innst. 600 S (2020–2021) og Prop. 195 S (2020–2021). Departementet foreslår at midlar som er ubrukte og som samskipnadane ikkje har inngått forpliktande avtalar for ved utgangen av 2021 som er øyremerkte desse tiltaka, går tilbake til statskassa.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

Post 55 Verksemdskostnader

Noregs forskingsråd har vore sekretariat for strategiprosessen Prosess 21, og midlar til denne verksemda har vore mellombels rammeoverførte frå Nærings- og fiskeridepartementet. Forskingsrådet har motteke 1,25 mill. kroner for å dekke arbeidet i første halvår av 2021. Midlane har mellom anna dekt slutføring av arbeidet med hovudrapporten og profilering og formidling i etterkant. Arbeidet til Prosess 21 er vidareført ut 2021. I samband med dette foreslår departementet å overføre 1,75 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementets budsjett til kap. 285, post 55.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner. Reduksjonen skriv seg frå endringar i valutakurs.

Post 73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, kan overførast

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 425 mill. kroner. Reduksjonen skriv

seg frå endringar i EUs utbetalingsbudsjett, Noregs utbetalingsnøkkel og valutakurs. Løyvinga er ikkje endeleg grunna større forseinkingar i EU. Departementet ber om overskridingsfullmakt for inneverande år dersom den avtaleforplikta utbetalinga overstig løyvinga, jf. forslag til vedtak V, nr. 1.

Post 74 EUs utdannings-, opplærings- ungdoms- og idrettsprogram

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 227 mill. kroner. Reduksjonen skriv seg frå endringar i EUs utbetalingsbudsjett, Noregs utbetalingsnøkkel og valutakurs. Løyvinga er ikkje endeleg grunna større forseinkingar i EU. Departementet ber om overskridingsfullmakt for inneverande år dersom den avtaleforplikta utbetalinga overstig løyvinga, jf. forslag til vedtak V, nr. 2.

Kap. 290 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 21 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Årsakene til mindreforbruket er i hovudsak konsekvensar av covid-19-pandemien, som har ført til eit stort mindreforbruk på reise, diett, kurs- og konferansekostnader. Vidare har det vore forseinkingar i tilsetjingar, som fører med seg reduserte kostnader for første halvdel av 2021.

Kap. 291 Busetjing av flyktingar og tiltak for innvandrarar

Post 60 Integreringstilskot, kan overførast

Departementet foreslår å auke løyvinga med 457,9 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Løyvinga blir redusert i hovudsak på grunn av at tilskot for ein større del av personane busette i 2021 blir utbetalt same år. Dette heng saman med ferdigstilling av eit digitaliseringsprosjekt som bidreg til ein meir effektiv søknadsprosess. Vidare er det ein auke i særskilt tilskot ved busetjing av personar med alvorlege, kjende funksjonsnedsetjingar og/eller åtferdsvanskar.

Post 61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktningar, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 26,1 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Løyvinga blir redusert i hovudsak på grunn av ei endring i alderssamansetjinga slik at ein lågare del av dei einslege mindreårige utløyser tilskot etter høg sats. Vidare er det ein reduksjon i prognosen for talet på einslege mindreårige som skal busetjast i 2021.

Post 62 Kommunale innvandrartiltak

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 18,3 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. 15,1 mill. kroner av mindreforbruket på posten er knytt til Jobbsjansen. Bakgrunnen for mindreforbruket er mellom anna knytt til utfordringar med rekruttering av deltakarar, utvikling av tiltak eller å prioritere utviding av prosjekt på grunn av covid-19-pandemien. Resten av underforbruket er knytt til underforbruk i tilskotsordninga om utvikling av kommunale innvandrartiltak.

Post 72 Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.a.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner. Stønad til tilskotsmottakarar vert normalt utbetalt i to terminutbetalingar, vår og haust. Utbetalinga til OsloMet på 3,2 mill. kroner for hausten 2020 blei ved ein feil betalt ut først i 2021. Det er derfor behov for tre terminutbetalingar i 2021. Den ekstra terminutbetalinga på 3,2 mill. kroner blir delvis dekt av underforbruk i årets løyving på 1,8 mill. kroner. Resterande behov på 1,4 mill. kroner vert foreslått dekt gjennom omdisponering av mindreforbruk på kap. 291, post 73.

Post 73 Tilskot

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 6 mill. kroner, der 1,4 mill. kroner skal omdisponerast til kap. 291, post 72. Reduksjonen er knytt til ordninga Tilskot til økt etnisk mangfald i arbeidslivet. Hovudårsaka til underforbruket er at det har kome færre søknader enn forventa, fordi ordninga ikkje har blitt tilstrekkeleg kjend i arbeidslivet. Tilskotsordninga var ny i 2021.

Kap. 3291 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

Post 04 Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter

Einskilde utgifter knytt til integreringstiltak i asylmottak kan førast som ODA-godkjende utgifter. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 9,1 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Årsaka til endringa er at det er færre integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar enn det som er lagt til grunn i gjeldande budsjett.

Kap. 292 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Post 22 Prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Utgiftene på posten blei lågare enn forventa. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 119,7 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Løyvinga blir redusert i hovudsak på grunn av lågare bruk av tiltaket utvida norskopplæring i integreringspakke II enn forventa.

Post 61 Kompetansekartlegging i mottak før busetjing

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,15 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Løyvinga blir redusert som følge av ein reduksjon i busetjingsbehovet frå mottak.

Kap. 3292 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2,8 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Løyvinga blir redusert i hovudsak på grunn av ein reduksjon i talet på asylsøkarar som er i målgruppa for tilskot.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning*Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving*

Våren 2021 blei det tilbode eit tilleggsloan på 26 000 kroner for studentar og vaksne elevar i vidaregåande opplæring, inkludert ei mindre gruppe vaksne elevar med ungdomsrett, som hadde tapt inntekt som følge av covid-19-pandemien, der 40 pst. kunne omgjerast til stipend. Totalt har 41 780 personar nytta ordninga, og desse kan få omgjort 434 mill. kroner til stipend. Dette er mindre enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 278,8 mill. kroner.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Den observerte utviklinga gir grunnlag for å redusere anslaget for sjukestipend med 10 mill. kroner.

Barnestipend, tilleggsstipend for personar med nedsett funksjonsevne og flyktningstipend for vaksne støttemottakarar blir behovsprøvd mot inntekt, trygd og formue. Behovsprøvinga i 2021, som gjeld stipendtildeling i 2020, tilseier at omgjeringsringa til lån blir mindre enn tidlegare lagt til grunn. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 24,1 mill. kroner.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 14,1 mill. kroner.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Statistikk per 1. oktober 2021 for tildeling av lån og stipend til gradsstudentar i utlandet for 2021–22 tyder på at det vil bli færre studentar i denne kategorien enn det som blei lagt til grunn i revidert budsjett for 2021. Hovudsakeleg som følge av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 49 mill. kroner.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 93,8 mill. kroner som følge av at den flytande renta på utdanningslån for 2021 blei 0,11 prosentpoeng lågare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2021.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Observert utvikling hittil i 2021 gir grunnlag for å redusere anslaget for avskrivning på grunn av uførheit med 83,5 mill. kroner. Andre endringar i

anslag for ordningar som blir finansierte av løyvinga gir grunnlag for å redusere løyvinga med totalt 20,5 mill. kroner.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 104,1 mill. kroner.

Post 74 Tap på utlån

Den observerte utviklinga i år tyder på at omfanget av permanent overføring til Statens Innkrevingsentral (Skatteetaten) av gjeldskrav som er misleghalde blir lågare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2021. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Lågare uttak av tilleggsloanet knytt til covid-19-pandemien enn lagt til grunn inneber at anslaget for utbetaling av lån blir redusert med 786 mill. kroner, jf. omtale under post 50. Andre endringar i anslag inneber ein auke av utbetalt lån på 264,3 mill. kroner.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 521,7 mill. kroner.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning*Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 4 mill. kroner som følge av høgare anslag for avskrivning av utdanningsgjeld for kvotestudentar frå utviklingsland enn tidlegare anslått.

Post 89 Purregebyr

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 14,8 mill. kroner, i hovudsak som følge av at fleire har fått betalingsutsetjing som følge av covid-19-pandemien.

Post 90 Redusert lån og rentegjeld

Departementet foreslår å auke løyvinga med 367,9 mill. kroner som følge av at rekneskapstal per 30. september tilseier at innbetalte avdrag på studielån blir høgare enn tidlegare lagt til grunn.

Post 93 Omgjering av utdanningslån til stipend

Som følge av lågare uttak av tilleggsloanet i samband med covid-19-pandemien, og at omgjeringsringa vil bli gjort våren 2022, blir anslaget for løyvingsbehovet redusert med 866 mill. kroner. På bak-

grunn av rekneskapstal per 30. september 2021 er det grunnlag for å redusere løyvinga med ytterlegare 439,9 mill. kroner fordi anslaget i revidert budsjett ser ut til å overbudsjettere omgjeringa til stipend som følge av løpande progresjon (avlagde studiepoeng eller tilsvarande).

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 1 305,9 mill. kroner.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

Post 80 Renter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 275,7 mill. kroner. Hovudårsaken til det er at den flytande renta på utdanningslån for 2021 blei 0,11 prosentpoeng lågare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2021.

Andre saker

Kompensasjon til vitensentera for inntektssvikt i 2021 som følge av covid-19-pandemien

I samband med nysalderinga av statsbudsjettet for 2020 blei tilskotet til vitensentera på kap. 226,

post 71 auka med 18,6 mill. kroner for å kompensere sentera for inntektssvikt i 2020 som følge av covid-19-pandemien. Kompensasjon frå ordningar under Kulturdepartementet skulle trekkast frå kompensasjonen. Det står igjen 3,7 mill. kroner av kompensasjonen for 2020 etter at sentera er blitt kompenserte. Departementet vil utbetale den gjenståande kompensasjonen til vitensentera for å bidra til å dekke tap i 2021 som følge av inntektssvikt frå mellom anna billettsal. Det vil bli teke omsyn til kompensasjon frå andre ordningar for å unngå dobbelkompensasjon.

Kunnskapsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2021 under Kunnskapsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Kunnskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2021 under Kunnskapsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2021 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
201		Analyse og kunnskapsgrunnlag	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med frå kr 233 782 000 til kr 234 082 000	300 000
222		Statlege skular og fjernundervisningstenester	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 145 365 000 til kr 149 703 000	4 338 000
225		Tiltak i grunnopplæringa	
	63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 87 660 000 til kr 79 965 000	7 695 000
	64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg, blir redusert med frå kr 32 084 000 til kr 27 170 000	4 914 000
	65	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 73 826 000 til kr 44 000 000	29 826 000
	67	Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk, blir redusert med frå kr 9 185 000 til kr 8 497 000	688 000
	69	Tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring, blir redusert med frå kr 781 500 000 til kr 779 770 000	1 730 000
228		Tilskot til frittstående skular o.a.	
	70	Frittstående grunnskular, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 3 154 601 000 til kr 3 321 582 000	166 981 000
	71	Frittstående vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 719 569 000 til kr 1 838 898 000	119 329 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	72	Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	8 715 000
		frå kr 161 878 000 til kr 153 163 000	
	73	Frittstående grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	15 809 000
		frå kr 128 845 000 til kr 113 036 000	
	74	Frittstående vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	7 032 000
		frå kr 22 133 000 til kr 15 101 000	
	75	Frittstående skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	36 327 000
		frå kr 365 466 000 til kr 401 793 000	
	76	Andre frittstående skular, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	2 942 000
		frå kr 50 589 000 til kr 53 531 000	
	77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	756 000
		frå kr 30 104 000 til kr 30 860 000	
	78	Kompletterande undervisning, blir redusert med	991 000
		frå kr 24 772 000 til kr 23 781 000	
	81	Elevutveksling til utlandet, blir redusert med	1 743 000
		frå kr 2 190 000 til kr 447 000	
256		Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	3 393 000
		frå kr 121 923 000 til kr 125 316 000	
260		Universitet og høgskular	
	50	Statlege universitet og høgskular, blir redusert med	448 000
		frå kr 38 937 991 000 til kr 38 937 543 000	
270		Studentvelferd	
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	90 773 000
		frå kr 496 207 000 til kr 405 434 000	
272		Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning	
	50	Verksemdskostnader, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	1 706 000
		frå kr 156 915 000 til kr 155 209 000	
	51	Tiltak for internasjonalisering, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	5 399 000
		frå kr 236 190 000 til kr 230 791 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
273		Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning	
	50	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning, blir redusert med	1 068 000
		frå kr 223 101 000 til kr 222 033 000	
285		Noregs forskingsråd	
	55	Verksemdskostnader, blir auka med	1 750 000
		frå kr 805 099 000 til kr 806 849 000	
288		Internasjonale samarbeidstiltak	
	72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar, blir redusert med	1 284 000
		frå kr 307 886 000 til kr 306 602 000	
	73	EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	425 382 000
		frå kr 2 621 665 000 til kr 2 196 283 000	
	74	EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, blir redusert med	227 000 000
		frå kr 872 561 000 til kr 645 561 000	
290		Integrerings- og mangfaldsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	21 000 000
		frå kr 319 655 000 til kr 298 655 000	
291		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	
	60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i> , blir auka med	457 892 000
		frå kr 5 504 799 000 til kr 5 962 691 000	
	61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	26 145 000
		frå kr 1 050 343 000 til kr 1 024 198 000	
	62	Kommunale innvandrartiltak, blir redusert med	18 300 000
		frå kr 272 577 000 til kr 254 277 000	
	72	Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.a., blir auka med	1 400 000
		frå kr 16 992 000 til kr 18 392 000	
	73	Tilskot, blir redusert med	6 000 000
		frå kr 31 258 000 til kr 25 258 000	
292		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	
	22	Prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, blir redusert med	2 000 000
		frå kr 42 463 000 til kr 40 463 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere, blir redusert med frå kr 1 124 482 000 til kr 1 004 800 000	119 682 000
	61	Kompetansekartlegging i mottak før busetting, blir redusert med frå kr 412 000 til kr 267 000	145 000
2410		Statens lånekasse for utdanning	
	50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 8 775 190 000 til kr 8 496 390 000	278 800 000
	70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 3 749 967 000 til kr 3 764 019 000	14 052 000
	71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 637 337 000 til kr 588 337 000	49 000 000
	72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 945 505 000 til kr 851 722 000	93 783 000
	73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 881 557 000 til kr 777 476 000	104 081 000
	74	Tap på utlån, blir redusert med frå kr 410 500 000 til kr 390 500 000	20 000 000
	90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 35 272 198 000 til kr 34 750 452 000	521 746 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3222		Statlege skular og fjernundervisningstenester	
	02	Salsinntekter o.a., blir auka med frå kr 15 614 000 til kr 19 952 000	4 338 000
3225		Tiltak i grunnopplæringa	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med frå kr 8 316 000 til kr 6 130 000	2 186 000
3291		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrere	
	04	Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med frå kr 11 582 000 til kr 2 500 000	9 082 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
3292		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	
	01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med	2 805 000
		frå kr 15 314 000 til kr 12 509 000	
5310		Statens lånekasse for utdanning	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir auka med	3 978 000
		frå kr 13 000 000 til kr 16 978 000	
	89	Purregebyr, blir redusert med	14 846 000
		frå kr 88 489 000 til kr 73 643 000	
	90	Redusert lån og rentegjeld, blir auka med	367 908 000
		frå kr 11 506 753 000 til kr 11 874 661 000	
	93	Omgjering av utdanningslån til stipend, blir redusert med	1 305 852 000
		frå kr 8 172 238 000 til kr 6 866 386 000	
5617		Renter frå Statens lånekasse for utdanning	
	80	Renter, blir redusert med	275 685 000
		frå kr 3 569 658 000 til kr 3 293 973 000	

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

II

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2021 kan:

1. gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
270		Studentvelferd	
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar	959 mill. kroner

III

Stikkordsfullmakt

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet kan tilføye stikkordet «kan overførast» til løyvinga i 2021 under kap. 240 Fagskular, post 61 Utviklingsmidlar til fagskular.

IV

Stikkordsfullmakt

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet kan tilføye stikkordet «kan overførast» til løyvinga i 2021 under kap. 272 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning, post 52 Tiltak for høgare utdanning.

V

Fullmakt til å overskride

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2021 kan:

1. overskride løyvinga under kap. 288, Internasjonale samarbeidstiltak, post 73 EUs ramme-program for forskning og innovasjon med ei øvre ramme på 262 mill. kroner som følge av usikker framdrift og valutakursjusteringar, dersom dette er naudsynt for å oppfylle norske forpliktingar gjennom avtale med EU.
2. overskride løyvinga under kap. 288, Internasjonale samarbeidstiltak, post 74 EUs ramme-program for utdanning, opplæring ungdom og idrett med ei øvre ramme på 87,3 mill. kroner, som følge av usikker framdrift og valutakursjusteringar, dersom dette er naudsynt for å oppfylle norske forpliktingar gjennom avtale med EU.



